

# Velkommen til nytt skuleår

## 7.klasse 2024/2025

No er sommarferien slutt og me er klare til å ta imot klassane til nytt skuleår. Det er ekstra spennande i år sidan 7A har fått ny kontaktlærer, Gjert Skadberg.

Håper alle har hatt ein lang og fin sommarferie og er klare til å starta opp eit nytt skuleår. Dette er det siste skuleåret på barneskulen, og me har eit ekstra ansvar for å vera gode førebilete for dei andre elevane.

Andre vaksne på trinnet: Therese (spes.ped og kunst og handverk). Gerd (spes .ped og kunst og handverk). Ragnhild (assistent) og Kathinka (miljøterapeut).

Klasseromma blir dei same som me hadde sist skuleår.

Me kjem til å fortsetja med Skolestudio som digital læringsplattform, og har i tillegg lærebøker i norsk, matematikk og engelsk. Fint viss alle kan ha headset eller øyreproppar liggjande på skulen, sidan me brukar dette dei aller fleste skuledagane.

På skulen si heimeside ligg det viktig informasjon, blant anna om bestilling av mjølk og skulefrukt.

Viktig informasjon og skriv legg me på Showbie, trinn 7 under “informasjon til heimen” akkurat som sist skuleår. Der vil de mellom anna finna vekeplanane til elevane.

Ta kontakt med oss kontaktlærarar viss det er noko de lurar på.

Me ser fram til eit godt samarbeid med dykk alle.

Venleg helsing

Gjert og Jo

1.økt 08.30 10.00	Norsk	Matte	Samf/Nat	Norsk 8.30-9.00 Engelsk 9.00-10.00	Norsk 8.30-9.00 KH 9.00-10.00
2.økt 10.15 11.30	Gym	Norsk	Gym	KRLE	KH
3.økt 12.00 13.00	Matte	Samf/Nat	Matte	Musikk	Sos.komp/ koding
Fys.ak 13.00 13.20	Fysisk aktivitet	Ferdig 13.00		Fysisk aktivitet	Ferdig 13.00
4.økt 13.10 14.10/ 14.20	Engelsk		Norsk/Bibl	Samf/Nat	

### Melding til heimen:

#### Lekse veke 33 :

Alle elevane må koma med opplada nettbrett til fredag.

Få underskrift på lappen om løyve til å gå/sykla direkte heim frå tur til fredag 16.august.

Hugs å ta med gymklede og sko for inne/ute-gym til måndag neste veke.

